

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Fylkesutvalet
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	18.02.2021
<b>Tid:</b>	09:00 - 10:20

### Følgjande faste medlemer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Lennart Pålakkoff Gadolin	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Norvalv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Marthe Hammer	Medlem	SV

### Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Rasmus Laupsa Rasmussen	Kine Bratli Dale	A
Marianne Sæhle	Marthe Hammer	SV

### Merknader

Medlem Morten Klementsen - møtte ikke, forfall ikke meldt.

Det var 16 representantar til stades.

### Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Bertil Søfteland	Leiar - politisk sekretariat
Silje Balgaard Lyngstad	Rådgjevar - politisk sekretariat
Arild Knapskog	Rådgjevar - politisk sekretariat

Saksliste		Innhold	Arkiv-saksnr	U.Off
Utvale-saksnr				
GK 7/21		<b>Godkjenningssaker</b> Godkjenning av møteinkalling og sakliste		
PS 24/21		<b>Politiske saker</b> Debathefte 2021, KS spør - Svar fra VLFK	2020/317	
SI 6/21		<b>Skriftlige spørsmål</b> Spørsmål fra Helle (Ap) - vaksine for tannhelsepersonell	2020/36319	

## Godkjenningssaker

### GK 7/21 Godkjenning av møteinkalling og sakliste

**Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 18.02.2021**

Møteinkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.

## Politiske saker

### PS 24/21 Debathefte 2021, KS spør - Svar fra VLFK

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek dei vurderingar og svar som går fram av saka og sender desse vidare til KS.

### Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 17.02.2021

**Åsmund Berthelsen, SV**, sette fram slikt tilleggsforslag på vegne av SV, A, SP, KrF og MDG:  
 «Hovudutvalet ber fylkesutvalet vurdere å ta inn denne merknaden til Tariffnotat 2021:  
 Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemrd mot dei yrkesgruppar som innan  
 offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjøne  
 denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft.  
 Fylkesutvalet merkar seg at oppgjøret for offentleg sektor for 2020 fulgte tilrådd  
 prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat  
 sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan  
 offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og  
 arbeidsgivar i ein crisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i  
 lønsveksten.»

**Aleksander Fosse Andersen, SP**, sette fram slikt forslag på vegne av SP, A, KrF, SV og MDG:

- «1. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vitande.
- 2. Hovudutvalet ber fylkesutvalet ta med fylgjande innspel:
  - a. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskap» - svar spørsmål 4:  
 Ungdomar mellom 16 og 21 år med rett til vidaregåande opplæring som har takka nei til  
 offentleg skuletilbod, har eit venteår, ikkje har søkt eller fått skule- eller lærepllass eller  
 har avbrote vidaregåande opplæring vert følgde opp av oppfølgingstenesta (OT). OT er  
 ein del av rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune og arbeider for å gi ungdomar i  
 målgruppa tilbod om opplæring, arbeid eller anna sysselsetting. Ved utgangen av 2020  
 var det i overkant av 1200 OT-ungdomar i Vestland. Vestland fylkeskommune har  
 utarbeidd tiltak spesielt retta mot denne målgruppa. Døme på slike tiltak er  
 produksjonsskule, SEFF - Florø og studiesenter ved Årstad vidaregåande skule.  
 Fylkeskommunen støttar i tillegg tilbakeføringstiltak i regi av private aktørar, som til  
 dømes PitStop.

- b. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskap» - svar spørsmål 5

Det er trond for tverrsektorielt samarbeid for å hindre ungt utanforskap. For å sikre god  
 inkludering av ungdomar er det viktig med tett samarbeid mellom skule, arbeidslivet, og  
 helsetenestene. Det er også viktig at lokale, regionale og statlege aktørar samhandlar om

førbyggings- og tilbakeføringstiltak. Fylkeskommunen har ei viktig koordinerande rolle, men det er òg naudsynt med statleg medfinansiering av regionale tilbakeføringstiltak jfr. siste avsnitt under svar på spm. 4.»

## Avrøysting

Fosse Andersen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Berthelsen sitt tilleggsforslag fekk 11 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster ( 3 Høyre og FrP). Fylkesrådmannen sitt forslag vart ikkje røysta over.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vitande.
2. Hovudutvalet ber fylkesutvalet ta med følgjande innspel:
  - a. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskning» - svar spørsmål 4:

Ungdomar mellom 16 og 21 år med rett til vidaregående opplæring som har takka nei til offentleg skuletilbod, har eit venteår, ikkje har søkt eller fått skule- eller læreplass eller har avbrote vidaregåande opplæring vert følgde opp av oppfølgingstenesta (OT). OT er ein del av rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune og arbeider for å gi ungdomar i målgruppa tilbod om opplæring, arbeid eller anna sysselsetting. Ved utgangen av 2020 var det i overkant av 1200 OT-ungdomar i Vestland. Vestland fylkeskommune har utarbeidd tiltak spesielt retta mot denne målgruppa. Døme på slike tiltak er produksjonsskule, SEFF - Florø og studiesenter ved Årstad vidaregåande skule. Fylkeskommunen støttar i tillegg tilbakeføringstiltak i regi av private aktørar, som til dømes PitStop.

- b. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskning» - svar spørsmål 5

Det er trond for tverrsektoriel samarbeid for å hindre ung utanforskning. For å sikre god inkludering av ungdomar er det viktig med tett samarbeid mellom skule, arbeidslivet, og helsetenestene. Det er òg viktig at lokale, regionale og statlege aktørar samhandlar om førbyggings- og tilbakeføringstiltak. Fylkeskommunen har ei viktig koordinerande rolle, men det er òg naudsynt med statleg medfinansiering av regionale tilbakeføringstiltak jfr. siste avsnitt under svar på spm. 4.

3. Hovudutvalet ber fylkesutvalet vurdere å ta inn denne merknaden til Tariffnotat 2021:

Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemrd mot dei yrkesgruppene som innan offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjøne denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft.

Fylkesutvalet merkar seg at oppgjøret for offentleg sektor for 2020 fulgte tilrådd prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og arbeidsgivar i ein krisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i lønnsveksten.

## Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

**Marianne Sæhle (SV)** sette fram slikt forslag på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, Krf:

«Merknad

Hovudutvalet ber fylkesutvalet vurdere å ta inn denne merknaden til Tariffnotat 2021: Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemrd mot dei yrkesgruppene som innan offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjøne denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft. Fylkesutvalet merkar seg at oppgjøret for offentleg sektor for 2020 fulgte tilrådd prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og arbeidsgivar i ein krisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i lønnsveksten.»

## **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.  
Sæhle sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (H).

## **Uttale til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet vedtek dei vurderingar og svar som går fram av saka og sender desse vidare til KS.

Hovudutvalet ber fylkesutvalet vurdere å ta inn denne merknaden til Tariffnotat 2021: Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemrd mot dei yrkesgruppar som innan offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjøne denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft. Fylkesutvalet merkar seg at oppgjøret for offentleg sektor for 2020 fulgte tilrådd prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og arbeidsgivar i ein krisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i lønsveksten.

## **Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 18.02.2021**

**Trude Brosvik (KrF)** sette på vegner av A, MDG og KrF fram slikt tilleggsforslag:

«Tillegg debathefte spm. 2, s. 8:

Godt utbygd breibandsdekning / mobildekning også der marknaden ikkje ordnar utbygging

Innovasjonsmidlar og avklarte rammer som sikrar at fylka vert i stand til å stille klare klimakrav gjennom innkjøpsordningane i tillegg til stimulering gjennom t.d. Enova, Klimasats og andre ordningar til miljøvenlege tiltak og det grøne skiftet.»

**Trude Brosvik (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ setning til første setning i nederste avsnitt s. 8:

Allereie i barnehagen kan ein langt på veg sjå kven som seinare vil få vanskar med å fullføre vidaregåande og klare seg i arbeidslivet»

## **Avrøysting**

Innstillinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse vart samrøystes vedteken.

Brosvik sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt alternativforslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Fylkesutvalet tek saka til vitande.

2. Fylkesutvalet kjem med fylgjande innspel:

a. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskap» - svar spørsmål 4:

Ungdomar mellom 16 og 21 år med rett til vidaregåande opplæring som har takka nei til offentleg skuletilbod, har eit venteår, ikkje har søkt eller fått skule- eller læreplass eller har avbrote vidaregåande opplæring vert følgde opp av oppfølgingstenesta (OT). OT er ein del av rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune og arbeider for å gi ungdomar i målgruppa tilbod om opplæring, arbeid eller anna sysselsetting. Ved utgangen av 2020 var det i overkant av 1200 OT-ungdomar i Vestland. Vestland fylkeskommune har utarbeidd tiltak spesielt retta mot denne målgruppa. Døme på slike tiltak er produksjonsskule, SEFF - Florø og studiesenter ved Årstad vidaregåande skule. Fylkeskommunen støttar i tillegg tilbakeføringstiltak i regi av private aktørar, som til dømes PitStop.

b. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskap» - svar spørsmål 5

Det er trøng for tverrsektorielt samarbeid for å hindre ung utanforskning. For å sikre god inkludering av ungdomar er det viktig med tett samarbeid mellom skule, arbeidslivet, og helsetenestene. Det er også viktig at lokale, regionale og statlege aktørar samhandlar om førebyggings- og tilbakeføringstiltak. Fylkeskommunen har ei viktig koordinerande rolle, men det er også naudsynt med statleg medfinansiering av regionale tilbakeføringstiltak jfr. siste avsnitt under svar på spm. 4.

c. Tillegg til debatthefte spørsmål 2, s. 8

Godt utbygd breibandsdekkning / mobildekking også der marknaden ikkje ordnar utbygging. Innovasjonsmidlar og avklarte rammer som sikrar at fylka vert i stand til å stille klare klimakrav gjennom innkjøpsordningane i tillegg til stimulering gjennom t.d. Enova, Klimasats og andre ordningar til miljøvenlege tiltak og det grøne skiftet.

d. Alternativ setning til første setning i nedste avsnitt s. 8

Allereie i barnehagen kan ein langt på veg sjå kven som seinare vil få vanskar med å fullføre vidaregåande og klare seg i arbeidslivet

3. Merknad til Tariffnotat 2021:

Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemd mot dei yrkesgrupper som innan offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjøne denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft.

Fylkesutvalet merkar seg at oppgjøret for offentleg sektor for 2020 følgde tilrådd prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og arbeidsgivar i ein krisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i lønnsveksten.

## Skriftlige spørsmål

### SI 6/21 Spørsmål frå Helle (Ap) - vaksine for tannhelsepersonell

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 18.02.2021

Representant Arve Helle (A) har stilt følgjande spørsmål

«*Tannhelsepersonell er ei av fleire utsette grupper innanfor helsevesenet no i samband med den pågående pandemien. Det er kommunane som avgjer når både tannlegar og øvrig tannhelsepersonell skal få vaksine, basert på anbefalingane fra FHI. Det kan bety at tannhelsepersonell i fylkeskommunen fell mellom to stolar.*

*Kva er status for dette i kommunane? Er fylkesrådmannen trygg på at vårt tannhelsepersonell er ivaretakne i prioriteringskøa?»*

#### **Svar frå fylkesrådmannen:**

Då tannhelsetenesta i haust opplevde at nokre kommunar ikkje prioriterte tannhelsepersonell ved influensavaksinering, vart dette løfta opp til Statsforvaltaren og Helsedirektoratet for å sikra at me ikkje kom ut for same situasjon ved koronavaksinasjon. Både FHI, Helsedirektoratet og Statsforvaltaren har vore tydelege på at tannhelsepersonell skal prioriterast som helsepersonell ved influensavaksinering. Det var viktig for tannhelsetenesta at det var tydeleg for kommunane at tannhelsepersonell skulle takast omsyn til ved vaksinering, sidan tannhelsetenesta er i ei særstilling som einaste offentlege helseteneste som ikkje er kommunal eller statleg. Teneste er medviten faren for å falle mellom stolar på grunn av denne situasjonen og har jobba målretta for å unngå nettopp det.

Sidan kommunane fekk ansvaret for prioriteringsrekkefølgje helsepersonellgrupper i mellom, der tannhelsepersonell er inkludert, så har fylkestannlegen sendt ut eit forslag til vekting av tannhelsepersonell til kommuneoverlegar og smittevernlegar. Det er spesifisert at tannhelsepersonell ofte utfører aerosolgenererande prosedyrer og har tett kontakt med pasientane.

Når det gjeld prioriteringsrekkefølgje helsepersonellgrupper i mellom, så skal kommunane følgje [prioriteringsrekkefølgja til FHI og deira rettleiar for utvelging av helsepersonell som bør vaksinerast](#), men til slutt er det altså kommunen sjølv som må ta den endelege vurderinga ut i frå det lokale situasjonsbiletet. Kommunen har mange variablar å ta omsyn til, med tannhelsetenesta som ei av dei. Sidan tannhelse er noko som vanlegvis er ukjent terrenget for kommunane, så har fylkestannlegen sendt ut forslag til prioritering av tannhelsepersonell (som vist under) til alle kommuneoverlegar/smittevernlegar i Vestland saman med informasjon om tal tilsette med direkte pasientkontakt som jobbar i kvar kommune.

Helsepersonellgruppe	Kriterier (skala fra 1=lav til 5= ekstremt høy)				Sum (vektet)	
	Økt smitterisiko fra uoppdagete, smittede pasienter i førstelinja	Økt smitterisiko med kjent smittede pasienter og risikable prosedyrer	Personell som er kritisk vanskelig å erstatte hvis isolering / karantene (vektet med x2)	Personell i nødvendige tjenester som det er større etterspørsel etter ved økt covid-19-smitte		
Tannhelsepersonell	4	2	6	1	13	
Tannhelsepersonell på beredskapsklinikk Fana	4	4	6	5	19	

I den utsendte informasjonen er det lenka til kontaktinformasjon til tannklinikken og klinikkleiar, og kommunane er oppfordra til å ta kontakt med klinikkleiar dersom det er ønske om enda meir detaljert informasjon enn den som er sendt ut frå fylkestannlegen.

Den endelege vurderingane og prioriteringa tek kommunen. Kommunane har sett av og vil fortsetje å sette av 20% av vaksinane dei får til bruk på prioritert helsepersonell.

Statsforvaltaren har også formidla bodskapen om vaksinering av tannhelsepersonell ved fleire høve. Det var seinast oppe i kommunemøte 11.2.2021 der denne spesifiseringa går fram av referatet:

##### *5. Tannlegar/helsepersonell og vaksinering*

*Vi får melding om at private tannlegar tar kontakt med kommunane for å bli vaksinert som helsepersonell. Vi har tidlegare sagt at kommunane har ansvar for å vaksinere tannlegar i den offentlege tannhelsetenesta. Vi tok difor konktakt med FHI om problemstillinga denne veka, som sannsynlegvis også gjeld andre grupper helsepersonell. Utgangspunktet er at vaksinasjon kan skje på eitt av to steder: I kommunane eller i helseføretaka. FHI vurderer at kommunane har ansvar for:*

*- innbyggjarar som bur eller oppheld seg mellombels i kommunen.*

*- helsepersonell som jobbar som helsepersonell i kommunen (ikkje helseføretak).*

*Slik FHI ser det, skil ikkje plikta for kommunen på kven som er arbeidsgjevar for helsepersonellet, men kor ein jobbar som helsepersonell. Det er kommunen sjølv som gjer ei vurdering av i kva rekkefølge dei vil prioritere vaksinasjon av dei ulike helsetenesteområda. Samstundes er helsepersonell også innbyggjarar i ein kommune, og kan få tilbodet på den eine eller andre måten.*

Kort oppsummert så inngår tannhelsepersonell i gruppa helsepersonell, men det er kommunane som gjer prioriteringa om i kva rekkefølge helsepersonellet i kommunen skal prioriterast. Det er ulikt frå kommune til kommune korleis denne prioriteringa er, då det skal tilpassast lokale tilhøve. Ein del kommunar har så langt ikkje prioritert tannhelsepersonell i det heile, herunder Bergen kommune. Bergen kommune skriv mellom anna dette om grunnlaget for si prioritering:

*Prioriteringsrekkefølgen baseres på en syntese av flere tungtveiende hensyn. Mest tungtveiende er å prioritere helsepersonell som arbeider innen essensielle tjenester, og som er kritisk vanskelige å erstatte, og hvor bortfall av tilbudet raskt gir risiko for liv og helse. Det er videre gitt prioritet til helsepersonell som har pasientkontakt hvor smitte fra pasient til ansatte er en risiko, men hvor det ikke er naturlig å bruke beskyttelsesutstyr. Særlig utsatt anses personell som møter et stort antall usorterte pasienter med ukjent smittestatus. Det er også tatt hensyn til vaksinelogistikk, da det er avgjørende å få utnyttet de begrensede tilførsler av vaksiner mest mulig effektivt.*

Fylkestannlegen har teke sikte på å orientere kommunane slik at dei har tilstrekkeleg informasjon om tannhelsetenesta til å gjere sine prioriteringar. I tillegg så har det vore dialog med nokre kommunar der det har komt bekymringar frå tilsette om at tannhelsepersonell ikkje har vore oppført som ei av dei opplista prioritete gruppene. Dei tilbakemeldingane som er komnt frå kommunane er at dei enten har prioritert tannhelsepersonell allereie eller at tannhelsepersonell kjem til å bli prioritert innanfor helsepersonellgruppa. Fylkeskommunen har tillit til at kommunane ivaretok det ansvaret dei har fått tildelt av helsemynde og at dei har fått tilstrekkeleg informasjonen om og frå tannhelsetenesta. Dersom kommunane ikkje ivaretok tannhelsepersonell slik som dei har fått i oppgåve er det naturleg at dette blir følgt opp via Statsforvaltaren.

Noko tannhelsepersonell har allereie fått vaksine. Etter kvart som auka tal vaksinar kjem til kommunane, skal også resten av tannhelsepersonell med direkte pasientkontakt få tilbod om vaksine. Tidspunkt og prioritering vil variere frå kommune til kommune. Det er ein situasjon som er i kontinuerleg endring, og tannhelsetenesta kan med så kort frist ikkje gje ein samla statusoversikt over kva personell som er vaksinert. Informasjon om kortid resterande personell er planlagt vaksinert i kvar kommune er det kommunane som kan svare på.